

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 28.2.2014
Stad: Flå, Jakt- og Fiskesenteret

Desse møtte frå Regionrådet:

Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune (ikkje sak 11)
Tor Magnussen,	Nes kommune
Karsten Ekeren,	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
 - Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Roger Ryberg og Tom Erik Hauger og regionkontakt Tore Gilhuus.
 - Rådmannsutvalet deltok i sak 07 - 11
-

SAK 07/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 31.1.2014

Vedtak

Møteprotokoll for møte 31.1.2014 vart vedteke.

SAK 08/14 HALLINGTINGET 8 - 9. MAI

Regionrådet drøfta aktuelle tema på Hallingtinget, 8 - 9.mai, der kommunestruktur vil vera eit hovudtema.

SAK 09/14 SAMFERDSEL, AUST – VEST SAMBANDA, DRØFTING

Saka vart utsett til neste møte

SAK 10/14 EVENTUELT

8.mai - Veterandagen

Det har vore drøfta om Regionrådet for Hallingdal skal vera ein aktiv part i forhold til årleg veterandag. Ut frå drøfting vil ikkje Regionrådet ta nokon aktiv rolle.

Tilleggssak

SAK 11/14 SAMLOKALISERING AV HALLINGDAL TINGRETT OG ØVRE BUSKERUD JORDSKIFTERETT

I brev dat. 27.2.2014 frå Hallingdal tingrett og Øvre Buskerud jordskifterett blir Regionrådet utfordra på synspunkt i høve til samlokalisering og etablering av lokalt rettscenter i Hallingdal. Utgangspunktet for saka er at Domstolsadministrasjonen etter initiativ frå Justisdepartementet, ber domstolane om å koma med synspunkt på mellom anna samlokalisering. Fristen for domstolane til å koma med sine synspunkt er satt til 14.3.2014. Eventuell gjennomføring av samlokalisering og kor den samlokaliserte domstolen skal ligge i Hallingdal, blir avgjort av Domstoladministrasjonen. Tingretten og jordskifteretten i Hallingdal er positive til å arbeide for ei samlokalisering.

Forslag til vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å samlokalisere tingrett og jordskifterett til eit felles rettssenter for Hallingdal.
2. Ut frå dagens lokalisering av tingrett og jordskifterett og dei prinsipp Regionrådet for Hallingdal ynskjer at skal gjelde for lokalisering, ser Regionrådet for Hallingdal det som naturleg at lokalisering av eventuelt felles rettssenter for Hallingdal enten blir Nesbyen eller Gol.
3. Regionrådet for Hallingdal deltek gjerne i møter med Domstolsadministrasjonen, for å underbygge felles standpunkt.

Avstemming

Forslag til vedtak fekk 2 røytster

Forslag til vedtak pkt. 1 og 3 fekk 1 røyst

Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med å samlokalisere tingrett og jordskifterett til eit felles rettssenter for Hallingdal.
2. Ut frå dagens lokalisering av tingrett og jordskifterett og dei prinsipp Regionrådet for Hallingdal ynskjer at skal gjelde for lokalisering, ser Regionrådet for Hallingdal det som naturleg at lokalisering av eventuelt felles rettssenter for Hallingdal enten blir Nesbyen eller Gol.
3. Regionrådet for Hallingdal deltek gjerne i møter med Domstolsadministrasjonen, for å underbygge felles standpunkt.

I etterkant av regionrådsmøte var det dialogmøte med fylkesmannen i Buskerud

Ål 7.3.2014

for rådsordfører
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar